



## Innhald

<b>STORD KOMMUNE</b> .....	1
1.0 BAKGRUNN/INNLEIING.....	3
1.1 Bakgrunn .....	3
1.2 Planområdet .....	4
1.3 Samordning/Medverknad .....	5
2.0 Konsekvensutgreiing miljø. ....	5
2.1 Naturmiljø.....	5
2.2 Friluftsliv .....	6
2.3 Strandsone .....	9
2.4 Kulturminne og kulturmiljø.....	9
2.5 Landskap.....	24
2.6 Sikring av jordressursar .....	26
3.0 Konsekvensutgreiing samfunn. ....	26
3.1 Transportbehov.....	26
3.2 Senterutvikling og utbyggingsmønster.....	27
3.3 Folkehelse .....	28
3.4 Tilgjenge til uteområde, gang- og sykkelvegnett. ....	29
3.5 Barn og unge sine oppvekstvilkår. ....	29
3.6 Infrastruktur.....	30

## 1.0 BAKGRUNN/INNLEIING

### 1.1 Bakgrunn

Det har vore ein prosess som byrja med at eigar av gnr 26 bnr 7 ynskja å frådele eigedommar til barna sine. I 2007, arkivref 2007/837, så fekk eigar av bnr 7 lov å starte regulering av sitt område. I tillegg så hadde eigar av bnr 4 ynskjer om å regulere deler av sitt område til bustadformål og eigarane av bnr 107 ville dele tomte si i tre. I møter med kommunen så vart dette også positivt møtt, men ein måtte ordne ei betre vegløyising til område enn eksisterande avkjørsle frå Hystadvegen. Då vart eigarane av bnr 1 og bnr 10 også kontakta, men no vart planområde så omfattande at ein ikkje kunne ta det med i reguleringsvedtaket som var gjort for bnr 7. Kommunen rådde difor til å sende eit innspel til kommuneplanen for å få omgjort område til bustadføremål. I samband med innspelet vårt til kommuneplanen vart ein i møte med plangruppa 9. september pålagt å lage ei forenkla konsekvensutgreiing for hovuddelen av innspelet.

Eigarane og storleik på arealet omsøkt til bustad er:

Gnr 26 Bnr 1	Helge Arnfinn Hystad	68 daa
Gnr 26 Bnr 4	Egil Hystad	30 daa
Gnr 26 Bnr 7	Malvin Handeland	29 daa
Gnr 26 Bnr 10	Torstein Hystad	30 daa
Gnr 26Bnr 107	Marie-Anne Eskeland	3 daa

I tillegg er det 7 einebustadtomter der.


I det samla innspelet til kommuneplanen så hadde Helge Arnfinn Hystad også eit 3,6daa stort område nordom Hystadvegen som ein ikkje trong konsekvensutgreie og Torstein Hystad hadde eit 51daa stort område nordom Storhuagvegen som han ikkje vil få omgjort til bustad i denne omgangen.

Desse gardane har krympa inn og er ikkje lenger rå å drivast. Det arealet som kan slåast blir pakta vekk, og av grunneigarane så er det berre sønene til Helge Arnfinn som framleis driv litt gardsdrift. Det er no for dei fleste meir slit enn gagn i å holde areala i stand, og då er det naturleg å sjå på andre måtar å utnytte arealet på. Område er sentrumsnært og har svært gode sol og utsiktsforhold. Det var difor naturleg for grunneigarane å tenke område kan brukast til bustadformål.

Stord kommune har i dei seinare åra hatt lite ledig byggjeland igjen på nordsida av Leirvik og dette er eit fantastisk bustadområde. Det er framifrå solforhold og utsikt. I tillegg er det sentrumsnært.

## 1.2 Planområdet

Området ligg avgrensa av Hystadvegen og Storhaugvegen i nord og eldre bustadfelt i aust, sør og vest. Terrenget i planområde stig frå sør mot nord, men har nokre mindre haugar og dalar. Innan område er det 3 mindre gardstun og mykje grasbakkar. Dei fleste av høgdene i planområde er skogledd.



Avgrensing av planområdet




### 1.3 Samordning/Medverknad

Grunneigarane av gnr 26 bnr 1, 4, 7, 10 og 107 har samla seg og engasjert Gøtz AS til å utarbeide innspel og konsekvensutgreiing til kommuneplanen.

## 2.0 Konsekvensutgreiing miljø.

### 2.1 Naturmiljø

Område er hovudsakeleg kulturmark med noko skog. Det er mest lauvtrær og ein finn både eik, osp, hassel og bjørk her. Det er ikkje kjennskap til raudelista artar i område.



Flyfoto av område.

Arealis viser at berggrunnen er av fyllitt og metasandstein, at lausmassane er forvittringsmateriale og at område har god bonitet. Det er lite vilt i område.

### ***Planfagleg vurdering.***

Ei utbygging vil ikkje redusere det biologiske mangfaldet i høve til artar, men minske arealet der dei veks. Nokre av trea er i seg sjølv så fine at ein bør søke å ta vare på dei.

Ei utbygging vil i høve til naturmiljøet ha ein negativ konsekvens

## **2.2 Friluftsliv**

Område er normalt ikkje eit mål for å utøva friluftsliv og difor lite brukt til det, men frå gamalt av så går det nokre stiar gjennom område som framleis vert nytta. Delvis vert stiane nytta som snarveggar, men også som del av rundturar for folk i område som trimmar. Det er hovudsakeleg stien frå Aslagsvikjo opp over bnr 4 og vidare på bnr 1 langs bnr 78 til Drømmehaugen som vert nytta, men det går også ein sti frå Hystadtne nordover bnr 1. Nokre av stiane blir lite brukt og er i ferd med å gro igjen.



Sti frå bnr 4 nedover mot Aslagsvikjo.





Område i høve til aktivitetar.

I nærområda så har ein badeområde i Aslagsvikjo rett sør for planområde og både nord og rett aust for planområde kjem ein inn i Hystadmarkjo som er eit veldig populært tur- og badeområde.

Det er også berre ca 1 km til Prestegardsskogen aktiviteisområde. Der er det fleire fotballbanar, turløyper, pistolbane og stor idrettshall.



### **Planfagleg vurdering.**

Ved ei evt utbygging så må ein ivareta desse gangvegforbindelsane. Då vil ein kunne betre gangvegtilgjenge Aslagsvikjo til Drømmehaugen og Storehaug til Ekro. Ein bør også sjå på mogleikane til å danne ei gangvegrundløype med turløypa i Hystadmarkjo i planprosessen. Delar av internvegane vil også kunne utformast universelt.

Område vil ved ei utbygging bli mindre naturfint	Negativ konsekvens.
Ei utbygging vil gi betre kommunikasjon i område.	Positiv konsekvens

### **2.3 Strandsone**

Område ligg ikkje direkte til strandlina, men ein liten del av planområde ligg innanfor 100 metersbeltet. Dvs at den næraste delen i sør ligg ca 80m frå strandlina. Dette belte er allereie 100% bygningspåverka ved at det er fleire eksisterande bygg mellom planområde og strandlina allereie. Det går eksisterande vegar heilt opp til planområde og det skal ikkje være noko problem å sikre tilkomst både ned til Aslagsvikjo og bort mot Hystadmarkjo.

### **Planfagleg vurdering.**

Ei utbygging i planområde vil ikkje påverke strandsona. Ingen konsekvens.

### **2.4 Kulturminne og kulturmiljø**

Det ser ut som område har vore nytta av mennesker langt tilbake i tid. Det er registrert eitt automatisk freda kulturminne innan planområde og det er eit gravminne på Sommarhusbakken, gnr 26 bnr 10, og er frå jernalderen. Gardane i område er også frå langt tilbake i tid og ein må rekne med at det har vore drive jordbruk her sidan bronsealderen. I kommunedelplanen for kulturminne og kulturmiljø i Stord kommune står det at Hystadnamnet truleg kjem frå mannsnamnet Hysing og at gardane i si tid truleg strekte seg innover mot Tyse. Det eldste tunet er rekketunet på bnr 10. Dette tunet og tunstrukturen på bnr 4 og bnr 7, som er klyngetun, meiner ein at er kulturmiljø ein må taka vare på. Det står også at ein så langt råd er bør taka vare på kulturlandskapet frå Hystadvegen og opp til Storhaugvegen.

Norske landbrukseigedommar har en omfattande bygningsmasse. I alt er det registrert i overkant av 1 000 000 bygningar, og nesten halvparten av dei er driftsbygningar. I overkant av 22 % av bygningane på landbrukseigedommane er bygd før 1900 og inngår dermed i det nasjonale SEFRAK-registeret.


Dette er eit eldre gardsområde og det er heile 21 SEFRAK-registrerte bygg og 3 SEFRAK-registrerte ruinar/murar innan planområde. Etter synfaring på plassen så ser ein at det er 19 SEFRAK-registrerte bygg og 1 SEFRAK-registrert ruin der no.

Det eine uthuset på bnr 107 som syner på kartet ser ein ikkje spor av lenger, så det må ein rekna som tapt.

I tillegg så er det merka for 6 SEFRAK-bygg i tunet på bnr 7, men der er det berre 5 bygg.

På bnr 4 så vart det på byrjinga av 90-tallet sett opp ny løe over murane av den gamle, så SEFRAK-registreringa på bnr 4 er der ikkje lenger.

Det er også eit fint oppussa bustadhus oppå SEFRAK-merka ruin på bnr 58.



Registrerte kulturminner i planområde.

Gul trekant er SEFRAK-registrerte bygg, grå trekant er SEFRAK-registrerte mur/ruin og R på rosa bakgrunn er automatisk freda kulturminne.

SEFRAK-registreringa er fordelt slik på eigedommane:

Gnr 26 Bnr 1  
3 bygg og 1 ruin.



SEFRAK-registrert bygg 1: Hovudhuset på garden frå 1900 og opp igjennom tidene bygd på og er nyleg pussa opp. Det er brukt som bustadhus i dag.





SEFRAK-registrert bygg 2: Løa til garden er også framleis i bruk, men har også fått nokre tilbygg.



SEFRAK-registrert bygg 3: Uthus til gården frå ??? i middels god stand.





SEFRAK-registrert ruin 4:

Gnr 26 Bnr 7

Gardstun bestående av 5 bygg der alle er SEFRAK-registrerte.



Tun på gnr 26 bnr 7. Her ser ein hovudhuset, stabburet og løa.



SEFRAK-registrert bygg 1: Hovudhuset på garden frå før år 1900 og i god stand. Brukt som bustad fram til for få år sidan.



SEFRAK-registrert bygg 2: Løe på garden frå før år 1900, godt vedlikeholdt , men ikkje i bruk i dag.





SEFRAK-registrert bygg 3: Stabbur på garden frå før år 1900, middels godt vedlikeholdt.



SEFRAK-registrert bygg 4: Uthus på garden frå før år 1900, i grei stand.





SEFRAK-registrert bygg 5: Uthus der gamledelen er SEFRAK-registrert. Den er også delvis overgrodd.

Gnr 26 Bnr 10

Gardstun bestående av 8 bygg der alle er SEFRAK-registrerte.



Tun på gnr 26 bnr 10. Her ser ein hovudhuset i bakgrunnen og fire uthus framom. Nærast ligg bygg 8 som er eit langt redskapshus frå 1960.



SEFRAK-registrert bygg 1 og 2: Hovudhuset på garden frå før år 1900, god stand og det er brukt som fritidsbustad i dag.  
Ein ser og stabburet bak i tilknytning til det.



SEFRAK-registrert bygg 3-4: Løe på garden frå før år 1900, godt vedlikeholdt , men ikkje i bruk i dag.  
Ein ser også eit av uthusa som er godt vedlikeholdt.





SEFRAK-registrert bygg 5: Redskapshus frå år 1945, middels godt vedlikeholdt.



SEFRAK-registrert bygg 6: Ved på garden frå før år 1900, i grei stand.





SEFRAK-registrert bygg 7: Uthus som er middels godt bevart.

### Gnr 26 Bnr 107

Ei 3 mål stor tomt der alle bygga er SEFRAK-registrerte, men der det i dag er 2 bygg på tomta, ikkje 3 som vist på karta.



Bygga på eigedommen gnr 26 bnr 107 er falleferdige og tomta grodd igjen.



SEFRAK-registrert bygg 1: Hovudhuset er gamalt, men har ikkje vore i bruk på mange år og er falleferdig.





SEFRAK-registrert bygg 2: Uthuset er heller ikkje i god stand.

### Gnr 26 Bnr 78

Ei 1,5 mål stor tomt der bustadhuset ser ut til å være sett oppå ein SEFRAK-registrert mur og der eit uthus mellom bustadhuset og garasjen også er SEFRAK-registrert.



Bustadhuset på tomta i dag.



### **Planfagleg vurdering.**

Område for automatisk freda kulturminne må merkast med vern. Tuna på bnr 10 og bnr 7 der alle bygga er SEFRAK-registrerte og stort sett godt vedlikeholdt i opphavleg form, bør også takast vare på. Tunet på bnr 4 er av nyare dato, har ikkje så mykje tun-preg over seg og ingen SEFRAK-registrerte bygg. Det er ikkje så viktig å ta vare på. På bnr 1 er det også eit udefinert tun der nokre av bygga er SEFRAK-registrerte. Hovudhuset og løa er bygd på og bygd om slik at dei mistar litt historisk verdi, mens uthuset og ruinen er med på å vise historia i område og bør takast vare på.

Bygga på bnr 107 er av så dårleg forfatning at det ikkje er naudsynt å takast vare på. Av omsyn til tryggleiken så er det bra om det kjem noko nytt her.

Ei utbygging vil endre karakteren på område, bygge inn tuna og med det øydelegge kulturlandskapet. Ein bør søke å oppretthalde nokre opne bakkar og la dei fine store lauvtree på område stå. Særskild dei på haugane.

Ved ei utbygging så vil ein øydelegge kulturlandskapet  
Ein reguleringsplan i område vil være med på å sikre  
verneområde og dei flotte eldre bygga og tuna.

Stor negativ konsekvens

Positiv konsekvens

## **2.5 Landskap**

I Aurland Naturverkstad si landskapskartlegging av Hordaland fylke kjem Hystadområde under Ytre fjordbygder på Vestlandet, region 21 og merka for Vestlandets skogsåser. Område har eit litt opent preg med vide fjordtrekk. Det er variert vegetasjon. Mest dyrka mark for grasforproduksjon, men også små områder med blandingsskog.

Planområde stiger som nemnd frå sør mot nord og har også nokre mindre haugar og dalar. I sør ligg det lågaste terrenget på ca kote +5, mens heilt nord i krysset på Drømmehaugen ligg terrenget på kote +48.

Haugane er for det meste dekte med litt lauvskog og ein har nokre gardstun og bustadtomtar der, men i mellom haugane er det jordbruksbakkar. Desse menneskeskapte grønne lysningane visar godt igjen i terrenget og blir kalla kulturlandskap.



Område sett frå natrutekaiaen. Her ser ein dei grønne bakkane på bnr 4 og bnr 7. Ein ser også korleis bevaring av trer er med på å dempe silhuetteeffekten på bygga.

I kommunedelplanen for kulturminne og kulturmiljø for Stord kommune så ynskjer ein å holde på dette kulturmiljøet, men samstundes er ein opplyst av kommune om at dette område ligg utanfor kjerneområde der Stord kommune ynskjer landbruk. Storleiken på gardseigedomane i område gjer det uansett vanskeleg å drive gardsdrift. Difor paktar dei areala sine vekk, men det er allereie vanskeleg å få andre til ta hand om graset, og på sikt kan det fort skje at bakkane gror igjen. Då vil ein også miste kulturlandskapet.

### ***Planfagleg vurdering.***

Dei store landskapstrekka vil ikkje endre seg ved ei utbygging, men ei utbygging vil gi terrenginngrep og øydelegge kulturlandskapet. Ein bør søke å oppretthalde nokre grøntstrukturar i område ved å la vegetasjonen stå på haugane. Det vil dempe silhuetteeffekten av ei evt utbygging. Landskapets karakter med at det er sørvendt og skrånande gjer at det er solrikt og har god utsikt. Noko som også gjer at det høver svært godt til bustadformål.

Ved ei utbygging så vil ein øydelegge kulturlandskapet  
Område eignar seg svært godt til bustader.

Negativ konsekvens  
Positiv konsekvens

## 2.6 Sikring av jordressursar

Mykje av område er som nemnd eksisterande landbruksområde og sjølv om planområde totalt er ca 170daa stort, så er det delt på 4 gardar og desse har krympa til så små areal at det er uråd å drive dei økonomisk.

Innan planområde så eig dei fire gardane slik:

Gnr 26 Bnr 1	Helge Arnfinn Hystad	68 daa
Gnr 26 Bnr 4	Egil Hystad	30 daa
Gnr 26 Bnr 7	Malvin Handeland	29 daa
Gnr 26 Bnr 10	Torstein Hystad	30 daa

I følge SSB så var det i 2009 registert opp mot 187 000 landbrukseigedommar i Noreg. 84% av desse eigedommane har ei bueining på seg og av dei så står 34 500 bueiningar tomme. Det er i hovudsak dei landbruka som er under 50daa som står tomme. Det er fordi det er vankeleg å kunne leve av så små gardar. I planområde så er det ikkje fast busetnad på to av gardane. Det er etterkvart også vanskeleg å hindre at bakkane gror igjen. Dette har Stord kommune fått med seg, og i møte med kommunen vart ein også opplyst om at planområde ligg utanfor kjerneområda til kommunen for satsing på landbruk. Grensa for det går nordom Storhaugvegen.

### **Planfagleg vurdering.**

Ei utbygging vil redusere jordbruksarealet og det er uheldig for lokalområde og kommunen. Ein ser også at delar av jordbruksarealet her kunstig blir halde i gang og det er vankelig å pålegge privatpersonar å halde bakkane opne. Dette kan på sikt føre til at bakkane gror igjen. Område ligg som ei lita jordbruksøy mellom store bustadområder og truleg difor er område sett utanfor kjerneområde for landbruk. Område ligg i bustadområde i eit område som manglar nye bustadområde og område er også svært godt eigna til bustadområde.

Ei utbygging vil redusere jordbruksarealet  
På sikt kan område gro igjen.

Negativ konsekvens  
Utligna konsekvens

## 3.0 Konsekvensutgreiing samfunn.

### 3.1 Transportbehov.

Planområde ligg ca 2,5km frå sentrum langs Hystadvegen. Ei utbygging her vil truleg føre til ca 120nye bueiningar og med det generere ein del trafikk. Det vil være trafikk som hovudsakeleg rettar seg sørover. Den vegen ligg Leirvik som er handesentrum og trafikk-kuntepunkt. Ein får også trafikk nordover der det er ca 1km til den næraste daglegvare butikken og det er enklast å køyre til E39. Næraste barneskule er Hystad skule som ligg ca 700m nordvest for planområde.

Auka busetnad vil også føre til auka bruk av kollektivtilbud. Av vegane som planområde grensar opp mot så er det berre i Hystadvegen det går buss og det er busslommer i nærleiken. I følge Skyss sine ruter går det pr i dag 5 ruter forbi



planområde og til kvardags går det ca 3-4 bussar i timen. I helgene går det ca 2 bussar i timen.

Rutene er: 654 Leirvik-Hodnanes-Våge-Gjermundshamn  
671 Leirvik-Jektevik/Fitjar-Leirvik  
675 Leirvik-Øklandslio-Rommetveit  
678 Leirvik-Fjellgardane  
700 Stord-Sveio-Haugesund.

Dette gjer at det er svært gode kommunikasjonslinjer til og frå sentrum og gode forbindelsar vidare også. Bussane er sjeldan eller aldri fulle så kapasiteten er bra.

### ***Planfagleg vurdering.***

Planområde ligg gunstig til i høve til eksisterande kollektivtilbud og tilbudet pr i dag er godt nok.

Skulevegen har tre kryssingspunkt og ein bit utan gang-sykkelveg(Rustungvegen).

Ved ei evt utbygging må kryssingspunktet på Hystadvegen planleggast med særskild omsyn på at det blir skuleveg.

Ei utbygging vil utnytte kollektivtilbodet betre

Positiv konsekvens

### ***3.2 Senterutvikling og utbyggingsmønster.***

Stord kommune er ein kommune i vekst. Pr 1. januar var det 17 565 innbyggjarar i Stord kommune. For 10 år sidan var det 16 144 innbyggjarar. Leirvik har vore og er kommunesenteret på Stord. I følgje SSB så soknar no 11 424 personar til Leirvik. I Stord kommune ligg også Sagvåg sentrum, som med sine 3 250 innbyggjarar er Sunnhordlands nest største tettstad.

Midt i mellom desse ligg handleområde Heiane som også ligg tett opptil E39. Dei siste åra har Heiane hatt ei stor positiv utvikling noko som diverre har gått ut over handelen i tettstadane Leirvik og Sagvåg.

Planområde ligg ca 2,5km nord for Leirvik sentrum. Denne sida vidare ut mot Rommetveit er truleg den mest populære plassen for Stordabuarar å bu.

Dei siste 15 åra har det vore opna for svært lite nybygging i dette område og storparten av all nybygging i kommunen har skjedd i Kårevik- og Valvatnaområde. Desse områda ligg søraust for Leirvik og ut mot Sagvåg, og har med det også vore med på å styrka Heiane sin posisjon. Dette utbyggingsmønsteret har forskyvd folketettleiken og sentrum sørover på Stord. At det har vore så lite areal til bustadbygging nordom Leirvik har også gjort at bustad- og tomteprisar her har vore unormalt høge.

### ***Planfagleg vurdering.***

Ei utbygging i planområde vil forskyve folketettleiken nordover igjen og for dei som buset seg i Hystadområde er det mykje enklare å handle på Leirvik enn på Heiane. Difor vil ei utbygging her virke positivt på handelen i Leirvik sentrum.

Ei utbygging her vil føre til meir handel og aktivitet i Leirvik sentrum.

Stor positiv konsekvens

Ei utbygging i dette område vil truleg også normalisere tomteprisane i dette område.

Positiv konsekvens.

### 3.3 Folkehelse

Område grensar i dag til bustadområde og vegar. Gardsdrift som blir drive her er i dag påverkar miljøkvalitetar i varierende grad.

Gjødsling kan føre til overflod av næringsalter som igjen kan føre til oppblomstring av uheldige bakterie- og plantekulturar i vassdrag og i grunnvatn. Gjødsling kan og i periodar gi luktproblem. Graspollen kan føre til allergiproblem for enkelte.

Når eit landbruksområde ligg så tett opp til bustadfelt som i dette kan også landbruksmaskinane være eit støyproblem. Dette er ikkje kjent for å være noko stort problem i dag.

Landbruksområde har også sine positive sider. Generelt kan det sjåast på som eit rekreasjonsområde. Folk har godt av å sjå korleis jorda kan drivast. Det er sundt å kunne ha kontakt med husdyr og område med sine bakkar og skogkledde åsar gir ein visuell og fin variasjon til det allereie utbygde område. Rundt kulturlandskapet og dei eldre bygga i område er det også knytta ein del historie til.

Ei utbygging vil føre til ein del barn i område. Desse vil nok i stor grad bli kjørt til barnehage og skulane ligg så nære at det ikkje vært skuleskyss.

Det gjer at skuleungane normalt må gå eller sykle til skulen. Skulevegen blir 750-1000m lang og det er berre i Rustungvegen at det ikkje er gang- og sykkelveg. Skuleungane må også krysse 3 vegar på vegen. Det er Hystadvegen ÅDT5100, Rustungvegen(byggefeltveg) og Tysevegen ÅDT ca 1800. Dette er skuleveg og krysningspunkt også i dag.

Sjølv om det er forholdsvis stor trafikk på vegane knytt til planområde i dag, så er det få ulykker. Ei utbygging vil gi auka biltrafikk også. I dag er det ingen gode avkjørsler inn til planområde, men ein har fleire dårlege.

Rett i nærleiken ligg Apply Leirvik med ca 390 tilsette og er med det ei av dei største bedriftene på Stord.

#### **Planfagleg vurdering.**

Å ha eit landbruksområde midt i eit større bustadfelt har sine ulemper og sine fordelar i høve til folkehelsa, men normalt ingen kritiske. Det kritiske blir i høve til trafikk.

Skulevegen har tre kryssingspunkt og ein bit utan gang-sykelveg(Rustungvegen).

Ved ei evt utbygging må kryssingspunktet på Hystadvegen planleggast med særskild omsyn på at det blir skuleveg. Det er også areal og høve til å kunne lage gode kryss for biltrafikken og evt fordele trafikken i ein evt reguleringsplan. Ein bør også kunne få vekk dei dårlege avkjørslene som er der i dag.

Utbygginga vil gi mindre lukt og støyproblem

Positiv konsekvens

Utbygginga vil øydelegge område som rekreasjonsområde

Negativ konsekvens

Utbygginga vil føre til meir trafikk som gir større mogleik for ulykker


Negativ konsekvens

Ei utbygging kan gi tryggare/betre kryssløysingar

Positiv konsekvens

### 3.4 Tilgjenge til uteområde, gang- og sykkelvegnett.

Dei mest brukte uteområda i nærleiken er Hytadmarkkjo og Aslagsvikkjo. Det er kort og enkelt å ordne tilgjenge til desse. Det går som nemnd nokre stiar der i dag, men det vil også være gode mogleikar til å tilknytte seg med gangvegear og evt kjørevegear. Det er vegareal heilt fram til planområde tre plassar i sør og det skal ikkje være noko problem å få god gangforbindelse fram til Aslaksvikkjo.



Vegforbindelsar ut av planområde er merka raudt  
Gangvegforbindelsar er merka blått  
Skuleveg er merka grønt

I aust er det mogleik for to gangvegear mot naturstien i Hystadmarkkjo. I tillegg er det ein undergang under Storhaugvegen i nord der ein kan gå inn i Hystadmarkkjo frå nord.

Planområde grensar til Hystadvegen og Storhaugvegen i nord. Båe desse vegane har gang- og sykkelveg. Det har også Valevegen i sør.

#### **Planfagleg vurdering.**

Til saman så utgjer alle desse vegløysingane til planområde gode mogleikar til å knytte seg til gang- og sykkelvegnettet i område. Det er også kort og grei tilkomst til uteområde Aslagsvikkjo og Hystadmarkkjo. Ei utbygging vil kunne danne fleire snarvegear og knytte områder betre saman enn det stiane gjer i dag.

Ei utbygging vil betre gangforbindelsane i område

Positiv konsekvens

### 3.5 Barn og unge sine oppvekstvilkår.

Slik planområde ligg i dag er det ikkje mykje brukt av barn og unge. Det er nokre ungar som går snarvegear over område og det kan bli brukt som akebakke vinterstid.



Elles har område med kulturlandskapet, ein verdi som ei grøn lunge i eksisterande busetnad, også for barn og unge.

Forholda rundt planområde ligg godt til rette for gode oppvekstvilkår til barn og unge i område.

Innan ein radius på 2000 meter finn ein fire barnehagar, Furuly, Sævarhagen, Dalen og Prestegardsskogen barnehage. Ein har også Villvettene friluftsbarnhage rett i nærleiken.

Næraste barneskule er Hystad skule som ligg ca 750 meter frå planområde.

Næraste Ungdomskule er Nordbygdo ungdomskule ca 1000 meter frå planområde.

Skulane har gymsalar og aktivitetar også på kveldstid og det er berre ca 1000 meter til Prestegardsskogen aktivitetsområde med fleire fotballbanar og turløype.

Ein har også eit av Stords finaste tur- og friluftsområde, Hystadmarkjo, rett i nærleiken. I Hystadmarkjo er det fleire badeområder og ein har også Aslagsvikjo som vert nytta som badeområde. Det er heller ikkje så langt til Stord Golfpark.

Skulevegen må krysse Hystadvegen og Tysevegen, der særskild Hystadvegen er trafikkert. Elles går skulevegen på mindre trafikkerte vegar og vegar med fortau.

Det er fleire nærleikeplassar i bustadfeltet rundt planområde, men ved ei evt bustadbygging i planområde må det også byggast fleire gode nærleikeplassar som skal handtere ny busetnad.

Område er ikkje kjent for å være kriminelt belasta.

### ***Planfagleg vurdering.***

Planområde er nært barnehagar, skular og områder med ei mengd ulike aktivitetar. Det ligg difor svært godt til rette for å gi gode oppvekstvilkår.

Hystad barneskule har i dag plass til ca 375 elevar og slit for tida med kapasiteten. Førebels veit ein ikkje om det blir utbygging av planområde, kor stor den blir og når utbygginga skal skje, men tankar rundt dette bør skje i ein reguleringsplan.

Planområde i seg sjølv har gode kvalitetar som sol og utsiktsforhold, men også mogleikar for fine leikeområder, akebakke og friluftsområder. Dette må ein ta vare på i ein planprosess. Ein plan må også sikre gode gangforbindelsar igjennom område.

Ei utbygging vil redusere/fjerne kulturlandskapet  
Planområde ligg godt til for å gi gode oppvekstvilkår  
Ei utbygging vil betre gangforbindelsane i område

Negativ konsekvens  
Positiv konsekvens  
Positiv konsekvens

### ***3.6 Infrastruktur.***

Planområde ligg ca 2,5km frå sentrum langs Hystadvegen. Ei utbygging her vil truleg føre til ca 120 nye bueiningar og med det generere ein del trafikk, ca 400 ÅDT (ÅrsDøgnTrafikk). Det vil være trafikk som hovudsakeleg rettar seg sørover. I den retninga ligg Leirvik, Heiane og nokre store arbeidsplassar. Ein får også trafikk nordover der det er ca 1km til den næraste daglegvare butikken, og det er enklast å køyre til E39. Næraste barneskule er Hystad skule som ligg ca 700m nordvest for planområde.

Hovuddelen av trafikken vil komme inn på Hystadvegen som i dag er ca 6,0m asfaltert veg med 2,5m fortau langs heile vegen. Den har fartsgrense 50 km/t og i følgje vegnormal 017 kan ein då definere den som ein samleveg Sa2, og bør ikkje ha meir enn 4000 i ÅDT. Den har allereie ved dagens bruk ÅDT 5100 så ei utbygging vil være ei tilleggsbelastning på Hystadvegen. Næraste vegklasse i vegnormalen er

stamveg S1 veg og den skal ha ei breidde på 8,5m og fartsgrense 60 km/t. Det høver ikkje her og vegnormalen set også krav til avstandar mellom kryss som ikkje høver med eksisterande utbygging. Det vil difor være vanskeleg å oppgradere Hystadvegen til noko høgare standard. Slik det er i dag så flyter trafikken likevel greitt på Hystadvegen.

I planområde så er det fleire kryss/avkjørsler i dag og ingen er gode nok til å kunne ta ei utbygging i område. Dei er også plassert slik at dei faktisk ikkje er gunstige for den trafikken dei har i dag.

Storparten av trafikken i område vert i dag ført inn på den i eit kryss med dårleg vinkel i horisontalplanet og med dårlege siktforhold.



Krysset inn på Hystadvegen i dag.

Område grensar i nord også til Storhaugvegen med fartsgrense 50km/t og ÅDT 1000. Der ligg ei avkjørsle for ein einestad og tunet på bnr 10 veldig nær hovudkrysset mellom Hystadvegen og Storhaugvegen.

Vidare så går det ein stikkveg frå Valevegen 50km/t, opp til feltet, men den er smal, ca 2,5m asfaltert og går mellom bustadtomter med kunn 4,0m mellom grensene. Mot Aslagsbrekko har Valevegen enda ein ca 3,0m stikkveg opp mot planområde. Her og går den i mellom bustadtomter, men her er det faktisk 7,0m mellom grensene. Det er også ein byggefeltveg, Aslagsbrekko 30km/t, som endar inn mot plangrensa. Det er også ein breidd passasje mot Ekro, men der er det ikkje bygd veg. I tillegg så har ein to gangvegsmogleikar mot Liarstøl og i nord mot Hystadmarkjo under Storhaugvegen.

### ***Planfagleg vurdering.***

Planområde har mange mogleikar for forbindelsar ut. Dei to eksisterande avkjørslene er ikkje gode nok så ein må lage nye avkjørsler.

Valevegen har ei god tilkopling til Hystadvegen, men her er det ikkje ønska noko særskild meir trafikk grunna farlege avkjørsler nærare Hystadvegen. Ekro har eit dårleg kryss mot Hystadvegen. Krysset Hystadvegen - Storhaugsvegen er stort, men uoversiktleg. Å kjøre inn rett frå Hystadvegen blir nok raskaste vegen for flest i feltet og då kan ein få vekk den dårlege avkjørsla ein har i dag.

Stor trafikk på Hystadvegen gjer likevel at ein også bør sjå på å fordele trafikken ut over dei andre mogleikane. Alle desse tinga må vurderast ved ei evt utbygging.

Ein får meir trafikk

Kryssa i dag er dårlege og ei utbygging vil betre dei

Ei utbygging vil betre gangforbindelsane i område

Negativ konsekvens

Positiv konsekvens

Positiv konsekvens

Dato 20.10.2010

